



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
30c2c230-0e2a-4580-b5b9-d3696ac7f840	20/379-218 /BGR51471/25/22146	FE-025, FA-K71	30.06.2025

## Innspel vassforvaltningsplan 2028 - 2033

### Innspel vassforvaltningplan 2028 - 2033

Vestland fylkeskommune sin referanse: 2024/64294-1

#### Bakgrunn

Dei regionale vassforvaltningsplanane skal rullerast kvart 6. år, og oppdaterast no for planperioden 2028-2033. Det meste av arealet i Ullensvang høyrar under Vestland vassregion.

Planprogram og dokument om dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i Vestland er på høyring. Høyringsfristen er 30. juni.

Vassforvaltningsplanen bygger på EU sitt vassdirektivet, og Noreg sin implementering av dette gjennom vassforskrifta. Føremålet er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå god miljøtilstand i alt vatn. Planen set miljømål for elvar, innsjøar, kystvann og grunnvatn. Miljømåla skal nåast innanfor planperioden.

Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er plikta til å leggje vassforvaltningsplanen sine miljømål til grunn for deira planlegging og verksemd. Planen skal, etter vedtak i fylkestinget, godkjennast av Klima- og miljødepartementet.

Det er planprogrammet og hovudutfordringane for vassmiljøet i Vestland som no er på høyring. Sjølve vassforvaltningsplanen med tiltaksprogram, handlingsprogram og konsekvensutgreiing kjem på høyring hausten 2026.

Hovudutfordrings dokumentet summerer opp kunnskapsgrunnlaget frå databasen Vannnett

med ei oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak frå føre planperiode. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane er viktig for det vidare samarbeidet om forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet. Planprogrammet legg premissar for planarbeidet.

For å få ein god vassforvaltningsplan, som tek tak i dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i Vestland, ynskjer fylkeskommunen å få fram eit breidd meiningsmangfald om korleis ein kan betre og beskytte miljøtilstanden i elvar, innsjøar, grunnvatnet og sjøområda.

#### Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

#### Kontakt oss

Opheimsgata 31  
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

#### Besøk oss i

Ullensvang rådhus  
Opheimsgata 31, 5750 Odda

> [www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)



Med planprogrammet fylgjar ei liste med spørsmål som planmyndigheita særleg ynskjer svar på. sjå vedlegg 1.

Spørsmål mottatt i vedlegg 1 med svar er gitt under:

## **Svar på høyring til planprogram for regional plan for vassforvaltning 2028 -2033 Vestland vassregion**

Vedlegg 1.

Planprogram - Høyringsspørsmål

Vi ønsker innspel på om vassregionen er godt organisert i dag eller om nokon har forslag til endringar.

Vi ønskjer særleg svar på følgjande spørsmål ved høyring av planprogrammet:

### **1. Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i arbeidet?**

Svar: Ja, det er tydeleg når og korleis dei enkelte styresmaktene skal delta i arbeidet. Det kongelege klima og miljødepartementet har sendt ut: Nasjonale føringer for arbeidet med å oppdatere de regionale vannforvaltningsplanene datert 07.04.2025 sjå vedlegg, denne gjer ei grei framstilling av dei fleste tematiske områder, med informasjon om bla.:

1. Utfordringar
2. Myndighetsansvar /Ansvarsfordeling for nokre tema
3. Ambisjon for planperioden 2028 - 2033
4. Virkemidler med og uten finansiering for enkelte tema

### **2. Er det viktige tema eller utgreiingar som manglar i planprogrammet?**

Svar: Administrasjonen i Ullensvang kommune har eit ønskje om at utvalde bekkar der ein vurderer at det kan være påverknadar vert utgreia som del av kunnskapsgrunnlaget.

### **3. Har de forslag til forbetringar av planprogrammet?**

Svar: -

### **4. Er det behov for å endre planretningslinjene (sjå kap. 3.5)?**

Svar: Planmynde i Ullensvang kommune ser ikkje behov for å endre planretningslinjene.

### **5. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?**

#### **a. Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?**

Svar: Administrasjonen i Ullensvang kommune ser det som viktig at det både er politisk og administrative representantar i dei to utvala. Det er politisk som til sjuande og sist er ansvarleg for politikken som vert førd, difor må desse være representert og ha eit øyra inn i det faglege fellesskapet. Det er samtidig viktig at det vert opprethalde eit fagleg felleskap i den administrative gruppa då målet innbefattar ganske fagtungt stoff. Fortsatt som i dag for vassregionutvalet og vassområdeutvala.

**b. Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval ?**

I dag er det etablert mindre funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval.

Svar: -

**c. Er Vestland vassregionutval godt samansett ?**


Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?

Svar: -

**6. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?**

Svar:

- Administrasjonen i Ullensvang kommune ønskjer å oppretthalde oppdelinga i Sunnhordland og Hardanger vassområde. Hardanger vassområdet består i dag av Kvam herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Voss herad og Ullensvang kommune. Administrasjonen trur at ei samanslåing med Sunnhordland vassområde med kommunane: Vindafjord, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Etne vil gjere den administrative gruppa for stor og ikkje så effektiv som dialog og arbeidsfelleskap då antalet medlemmer vert mange.
- Ullensvang kommune ønskjer å innlemme ein liten del av Ullensvang kommune som no høyrer til Sunnhordland vassområde i følgje kartet - til Hardanger vassområde slik at kommunen har heile den delen knytt til eit vassområdeutval. Sjå kart under - blå markering visar området under. Heile området grensar til same fjordarm. Området var tidlegare ein del av Kvinnherad kommune og har difor høyrd til Sunnhordland vassområde.



## 7. Korleis bør vi leggje til rette for medverknad frå frivillig sektor og interessentar i planprosessen?

- Svar: Ullensvang kommune føreslår at det vert halde høyringsmøter. For Ullensvang sin del vil det være naturleg å halde desse i Odda, Kinsarvik og Jondal. Då har ein moglegheit til å nå breitt ut.

## 8. Har du viktige innspel til det føreslegne programmet for utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn (KU) (kap. 8)?

Svar: Administrasjonen i Ullensvang kommune har ikkje innspelt til dette spørsmålet.

## 9. Har du eller din organisasjon innspel om tema som bør få auka merksemd, bør vurderast og/eller utgreiast i arbeidet?


Svar:

Administrasjonen i Ullensvang kommune har eit ønskje om at utvalde bekkar der ein vurderar at det er påverknadar vert utgreia som del av kunnskapsgrunnlaget.

Administrasjonen i Ullensvang kommune ser at det bør være ei auka merksemd mot akvakultur sin påverknad på Hardangerfjorden.


Viser til tabell 4 og 5 i hovudutfordringar Vestland høyringsdokument 2028 - 2033

### Fosfor




Figur 4 viser tilførsel av fosfor til kystvatn i Vestland vassregion (Hordaland + Sogn og Fjordane) i perioden 1990 til 2022 (Kjelde; NIVA rapport 7963-2024).

### Nitrogen



Figur 5 viser tilførsel av nitrogen til kystvatn i Vestland vassregion (Hordaland + Sogn og Fjordane) i perioden 1990 til 2022 (Kjelde; NIVA rapport 7963-2024).

Av tabell nr. 10 under går det fram at akvakultur har ei markant auke av tilførsel av nitrogen og fosfor frå 1990 til 2022. Administrasjonen i Ullensvang kommune har hatt som ønskje at aquakulturanlegg vert etablert i lukka anlegg, det er ikkje gjennomført av gjeldande mynde.



Figur 10: Figuren viser status for tiltaksgjennomføring per sektor i Vestland vassregion. Kjelde: Vann-Nett 15.10.24.

Administrasjonen i Ullensvang kommune ønskjer at det vert kommunisert ut kva tiltak som er på trappene for fiskeri og aquakulturanlegga, då desse bidreg med store mengder fosfor og nitrogen til resipient.

## Hovudutfordringar i Vestland – Høyrings spørsmål

Spørsmål vi særleg ønskjer svar på i høyringa:

### 1. Er miljøtilstand og påverknader korrekt beskrivne? Finst det data hos sektorstyresmakter eller lokal/erfaringsbasert kunnskap som kan bidra til ei endå betre beskriving?

Svar: Torsten Backer - Owe tidlegare administrativ ansvarleg for Vassforvaltning i Ullensvang kommune har sagt at han meiner at at det er gjort eit grundig arbeid i samband med kunnskapsgrunnet knytt til dei forrige vassforvaltningsplanane.

Administrasjonen i Ullensvang kommune ønskjer meir overvaking av vassførekomster der biologisk parameter er med, ikkje berre kjemisk og bakteriologisk.

### 2. Er alle viktige interesser ivaretekne? Er det interesser av betydning som ikkje blir nemnde?

Svar: Viktige mindre bekkar som har stor betydning for rekreasjon må sikrast.

### 3. Har du eller din organisasjon/bedrift/styresmakt innspel til prioriteringar eller andre moment til det vidare planarbeidet?

Svar: Nei

### 4. Er dei nødvendige verkemidla som trengst for å gjennomføre tiltaka på plass?

Svar: Det er viktig at einingane har tilstrekkeleg ressursar for å drive forsvarleg forebygging av forureining mot vassressursar, dette gjeld særleg:

- reingjering av veg
- tømning av sandfang

Dette bør synleggjerast i hovudplan veg i Ullensvang kommune

- skilje overvatn frå spillvatn, blir teke etter kvart på investering VA- budsjettet, men det tek tid.

Helsing

Barbro Grønlien  
Sakshandsamar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Elisabeth P. Tveit

Iselin Victoria Hammer

Mette Einang Vintertun

Torstein Backer-Owe

Wermund Vetrhus